

**Hans Christian Bringedal Tveit har søkt om tildeling av 50.000 kroner av Kvinnherad kommune sitt Kulturstipend for 2008.
Uskedelingen er dette skuleåret student på forfattarstudiet ved Høgskulen i Telemark, avdeling Bø.**

Stipendiet vil han bruka til delfinansiering av studiet samt mogelegheit til vidare arbeid med skrivinga når studieåret er slutt til sommaren,

- Stipendiet vil gje meg moglegheita til å arbeide vidare med eigne litterære prosjekt i dette miljøet, skriv han i søknaden.

Han kan då utvikla og klargjera det litterære uttrykket sitt i eit skrivande miljø, tileigne seg ein kompetanse innan ulike sjangrar i skapande skriving og få betre kjennskap til litteratur og den litterære kunstinstusjonen.

Bringedal Tveit har dette året vunne ein skrivekonkurrans som avisa TA avviklar. Han skreiv ein tosiders artikkel i TA om livet som friluftslivstudent sett gjennom augo til finske Tapie Lepikkø.

Studiet som uskedelingen går på vart starta i 1982 av forfattar og skrivekunstprofessor Eldrid Lunden. Dette er det einaste forfattarstudiet i Norden der forfattarane sin eigen organisasjon (Den Norske Forfattarforening) er deltakande i opptaksprosessen, utforminga og gjennomføringa av studiet.

Av Ola Matti Mathisen